



Ronny Lakselv i TV Sydvest under sending frå Rådhuset i Rosendal. (Foto: Geir Remme)

**Kommunen har ikkje registrert nokon negative reaksjonar på TV-sendingane til Uskedalen-selskapet TV Sydvest frå kommunestyret, skriv saksbehandlar Svein Opdal framfor evalueringa i kommunestyret torsdag. Rådmannen går inn for at dei skal halda fram med overføringane, men også innhenta tilbod frå andre. Kvinnheringen og Haugesund Avis har også meldt interesse for dette oppdraget.**

Overføringane har skjedd frå Rådhuset og samfunnshuset på Husnes. TV Sydvest reknar med at 1.250 husstandar eller 2.640 personar kunne fylgja sendingane i kommunen - tilsvarande tal på landsbasis var 130.000 husstandar og 275.000 personar.

Det har kome positive tilbakemeldingar frå publikum og frå politakarane på prøvesendingane. Sendingane har vore gjennomført med TV Sydvest sitt utstyr og kommunen har ikkje registrert større driftsproblem. Kablar til utstyret har vore lagt ut midlertidig og overføringa av seks møter har kosta 56.000 kroner eller 9.375 for kvart møte.

Det står i saksutgreiinga at overføringane gjev innbyggjarane eit unikt høve til å fylgja med i den politiske debatten. Med dei store avstandane i kommunen er dette eit særleg gode her. Det er mogeleg at overføringane også kan føra til større engasjement og ein vidare politisk diskusjon mellom folk flest, heiter det.

Hvis ordninga skal halda fram, bør det koma fast kabelopplegg på dei to møtestadane. Kostnad med kabling i høve til TV Sydvest sitt opplegg er 80.000. I tillegg må finansiering av 9 sendingar i året - 160.000 kroner - innarbeidast i budsjettet. Det bør, meiner rådmannen, vurderast ei avtale om eitt år med høve til forlenging i eit år om gongen slik at samla avtaletid blir 3 år.

Av Ola Matti Mathisen